

# **Oppmannsrapport**

**etter fellessensur i  
Norsk skriftleg**

**Sogn og Fjordane og Møre og Romsdal**

**Sentralt gitt eksamen  
NOR 0214, NOR 0215, NOR 1415, 10. årstrinn  
Våren 2017**

**Førde den 23.06.2014.**

**Arnstein Sandbakk  
Oppmann**

## **Fellessensur, Hotell Alexandra i Loen.**

Fellessensuren vart gjennomført 16. – 17. juni. Førebuande møte med fylkesmann og oppmenn vart halden 15. juni.

### **Kommentarar til oppgåvene.**

Under møte med sensorane i forkant av samordninga, kom det fram gode tilbakemeldingar på både førebuingsmaterialet og oppgåvene frå mange sensorar. Tekstane til førebuinga var i år litt færre, men lengre tekstar

Stemninga var positiv når det gjaldt tekstane i førebuinga.

### **Hovudmål.**

A1:

Utfordrande for elevane å fortelje historia i diktet, samstundes som dei skulle tenkje tankar frå den andre. Bestillinga «skriv ein tekst» fungerte bra.

A2:

Kunnskap om språk og grammatikk kom tydeleg fram i mange svar. Men til tider kom svara med littgrammatikk og lite om språk.

B1:

«Fyrsteinntrykket stemde ikkje», ei fon oppgåve som mange fokuserte fint. Men det å underhalda samstundes var til tider gløymt.

B2:

Ei oppgåve om samansette tekstar som ikkje inspirerte veldig mange. Men her var det nokre veldig gode svar.

B3:

Ingen kommentar.

B4:

«Duell i klasserom 17» er ei oppgåve mange har skrive. Det ver ikkje spesielt mange gode svar her fordi mange gløymde anten det eine eller det andre, referat av handlinga for ein ny leesar, eller det å kommentere kommunikasjonen.

## **Sidemål.**

A1:

«Forferdeleg salongbord til sals til høgstbydande» var ei fin oppgåve, som mange kunne svare på med godt fokus på verkemiddel.

B1:

Ingen kommentar.

B2:

«Ei tidsreise» inspirerte mange elevar. Og tidsreisa kom stort sett tydeleg fram. Men det var vanskeleg med både underhaldning og det å syne at kommunikasjonen har endra seg. Likevel var det nokre fantasifulle svar her.

B3:

Hatprat på nett er noko som ungdom er opptekne av. Og dei er ganske gode til å skrive om det også. Til tider kan tekstane gå over til å dreie seg om vanleg mobbing.

B4:

«Småprat kan lære nokon å snakke norsk». Denne oppgåva hadde ikkje mange valt å skrive om.

## **Til skulane.**

Kor flink er elevane til å gje opp kjelder? Dette har betra seg monaleg over tid. Og det er ikkje mange elevar som utelet kjelder no. Likevel er det nokon.

Viktig fokus for skulane må framleis vere å øve elevane opp i det å lese og tolke oppgåvene betre. Alt for mange elevar fell på karakterskalaen fordi dei ikkje greier å fokusere teksten sin godt nok på oppgåvebestillinga.

Nytt i vurderingsmatrisa i år var eit punkt om layout. Hensikten var ikkje å inspirere elevane til å setja inn bilete eller illustrasjonar. Men heller å lage ein luftig og smakfull struktur i tekstane sine. Dette har mange vore opptekne av, og somme har til og med sett inn bilete på smakfullt vis.

## **Gjennomføringa av fellessensuren.**

### **12.06.17.**

16.00: Møte med oppmenn og fylkesmannen.

### **13.06.17.**

12.00: Opning ved fylkesmann. Gjennomgang av oppgåver med oppmenn.

13.00 – 14.00: Lunsj.

14.00 – 14.45: Framhald med gjennomgang av oppgåver med oppmenn. Kort foredrag ved oppmann om forsking på eksamensoppgåvene gjennom to læreplanar, R97 og LK2006, om manglende fokus på danningsperspektivet, som er ein sentral del av norskopplæringa i grunnskulen.

14.45 – 17.45: Kurs, evaluering av tekstar frå førehandssensuren.

17.45 – 18.00: Info ved fylkesmann.

### **14.06.17.**

08.00: Fellessensur, samordning av karakterar.

15.00: Avslutning, oppsummering ved oppmann. Framlegg statistikk ved fylkesmann.

## **Statistikk.**

NO R02 14	Norsk hovedmål 10. årstrinn, skriftlig	161 99	3,47	0,99 %	14,9 1 %	38,4 7 %	29,7 3 %	13,2 8 %	2,61 %	1,01
NO R02 15	Norsk sidemål 10. årstrinn, skriftlig	161 06	3,26	2,01 %	21,0 3 %	39,6 3 %	25,4 9 %	10,0 4 %	1,80 %	1,02
NO R14 15	Norsk for elever med fritak fra vurdering med karakter i sidemål	273 5	2,34	14,1 1 %	47,9 8 %	28,9 4 %	7,44 %	1,43 %	0,11 %	0,87

Statistikken viser at resultata stort sett har små variasjonar i regionen, samanlikna med landet totalt sett. Regionen har fokus på hovudmålssnittet, som har vore lågare enn det som er sidemålssnittet for Oslo-regionen. Dette har vore til uro. Resultate for i år ser ut til å ha betra seg noko i så måte.

Når det gjeld nor1415, ser vi ein viss framgang, og karakterane 5 eller 6 finnast i statistikken i år. Mens andelen som fekk 4 har også auka litt. Det er ein gradvis framgang over tid for denne gruppa.

## **Sluttmerknader.**

Fleire skular enn nokon gong har levert digitalt. Kunne nokre få leverte på papir.

### **Matrisa.**

Det ser ut til at matrisa er til god hjelp, saman med vurderingsrettleiinga både for faget generelt og for hovud- og sidemål. Nytt i år er eit punkt om layout. Det er ikkje meiningsa at elevane skal gjere noko anna enn å anstrengje seg for å lage ein føremålstenleg ytre struktur på tekstane sine. Men enkelte hadde levert svar som viste at dei hadde gjort seg flid med layouten.

Ein god tittel er nødvendig for at ein tekst skal kunne vurderast høgt på karakterskalaen. Dette bør ha si formulering i matrisa.

## **Konklusjon.**

Fellessensurmøtet i Loen vart gjennomført på ein god måte. Ingen store vanskar vart meldt om. Og alle sensorgruppene hadde fullført arbeidet innan rimeleg tid. At alt arbeidet er gjort på ein så god måte, må for ein del forklarast utifrå at det har vore gjennomført sensorskolering fleire år på rad i mai. Dette tiltaket bør bli obligatorisk.

Men det er ingen hemsko at sensorkolleget er samansett av ei blanding mellom erfarte og unge sensorar, som er konstruktive og seriøse i alt sitt arbeid.

Alt ifrå starten av fellessensurmøte synte sensorkolleget seg som veldig samansveisa. Og sjølve samordninga av karakterane vart gjennomført utan at oppmannskolleget oppdaga sensorar som var særstakt ueinige. Difor kunne samordninga la seg gjennomføre innanfor tidsramma som vart sett opp på førehand.

Arnstein Sandbakk

oppmann